

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søker	Org. nr./person nr.
	Fjell kommune	951996777
	Post / e-post	Telefonnr.
	postmottak@fjell.kommune.no / berit.vik@fjell.kommune.no	55 09 60 00 / 55 09 70 55
2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokalitetar og enkeltminne)	gnr., bnr.
	Høybøen lok 64065, enkeltminne 1-5. Gravrøys, Tytebærhaugen lok 9!	26,8/ 26,3
	Gardsnamn	Kommune
	Vindenes	Fjell kommune
3	Namn på eigar (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	Telefonnr.
	Hogne Vindenes	913 14 016
	Post / e-post	
	hovinden@online.no	
4	Søknadssum (overført fra side 4, finansieringsplan)	
	20.000	
5	Skildring av prosjektet	
	Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)	
	Dette er fase II av prosjektet. Det er gitt tilsegn om midlar på kroner 10.000 til fase I, som vart omsøkt i 2014. Jamfør eigen rapport for fase I, der det blei fokusert på rydding av vegetasjon og busker i fornminneområdet ved Høybøen.	
	Datering	Eldre jernalder og mellomalder
	Tidlegare tilrettelegging	Nei
	Tidlegare skjøtsel	Jamfør eigen rapport for fase I, der det blei fokusert på rydding av vegetasjon og busker i fornminneområdet ved Høybøen. Dette arbeidet blei utført i haust.
	Andre opplysningar	Hordaland fylkeskommune har gått i bresjen for å restaurere ei gravrøys ved Tytebærhaugen, lok 95787. Arbeidet blei utført på ein svært god måte, og gir ein opploftande peikepinn på formidlingspotensialet i området ved endt skjøtsel.

6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

- Prosjektering
 Ny tilrettelegging
 Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

- Ja
 Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

- Ja
 Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

2017

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

Fornminneområdet ved Høybøen, og nærliggande lokalitetar, er prioritert som nr 2 i Fjell kommune si BARK-liste. Geitvika ligg som nummer 1 på lista, men reguleringsplanen er lagt på is, og såleis vil det ikkje bli utført tiltak i området med det første.

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

Vindenes grendalag, Sotra- og Øygarden turlag og Fjell turlag er alle opptekne av Høybøen og dei kringliggande friluftsområda sørover til Vindenes og nordover til Vindeneskvarven. Dei er særleg oppeknede av tilrettelegging av turstiar og formidling omkring kultur- og naturverdiane i området. Sjølv om turstiane i området enno ikkje har den beste tilrettelegginga har Fjell kommune sett fokus på kulturminna i området gjennom å tilby guida turar til Høybøen og dei omkringliggande steinalderlokalitetane. Folk har vist stor interesse for dette.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

Det bør tilretteleggast for å legge til med båt nær Høybøen. Det finst fleire fortøyingsboltar i nærområdet, og ein bør vurdere om det er føremålstenleg å sette opp ei lita infotavle ved ein av desse stadene der båtfarande kan kome i land. Når det gjeld tilkomst for dei som kjem til fots, så er det mest gunstig at dei parkerar nede ved Vindenes kai, ved Sotragruppen sine lokaler. Grunneigar, og leiar i Sotragruppen, Jarle Vindenes, er medlem av Fjell kulturminnelag og oppteken av å formidle den lokale historia.

Eventuell anna relevant informasjon

Fjell kommune har inngått ein avtale med Hordaland fylkeskommune og Universitetsmuseet i Bergen, om utlån av arkeologiske registrerings- og utgravingsfunn. Desse skal inngå i ei utstilling som er under planlegging i Fjell folkeboksamling, som er lokalisert til Sartor senter - eit av regionen sine største kjøpesenter. Formidling omkring Høybøen er sentral i utstillinga. Tanken er at mange av illustrasjonane, bileta og anna som vert nytta i formidlinga ute i felt også skal kunne nyttast i utstillinga - og omvendt.

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinene skal sikra at arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Fjell kommune har samarbeidd tett med Hordaland fylkeskommune og grunneigar. Vi har hatt fleire møter og synfaringar, og ein tett dialog. Det var Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune, grunneigar, samt SND som utførte skjøtselen i haust. Når det gjeld fase II av prosjektet, så er søknaden formulert i samråd med Hordaland fylkeskommune.

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

Tiltak i fase II

- 1) Skjøtsel i eit større område omkring Høybøen. I samband med dette er det ønskeleg å få eksperthjelp, til dømes frå landskapsarkitekt med spesialisering innan feltet, i forhold til kor mykje ein bør rydde av vegetasjonen omkring Høybøen. I fase I såg ein kor tidkrevande ressursarbeidet er, så vi har som mål å få inn rimeleg arbeidskraft - til dømes folk som er på arbeidsmarknadstiltak. Dette i tillegg til eigen dugnadsinnsats.
- 2) I fase I henta vi inn eksperthjelp i forhold til lyngbrenning. Vi har som mål å gjennomfør lyngbrenning neste år, helst på vårparten. Mons Kvamme er eksperten som vil leie dette arbeidet i felt.
- 3) Tilrettelegging av turstiane i området. Fjell turlag, Sotra og Øygarden turlag og Vindenes grendalag er våre viktigaste samarbeidspartnarar.
- 4) Utvikling av skilt og NFC-brikker, herunder tekst, innlesing av informasjon (NFC) oversetting, foto, illustrasjonar, design, trykking og skiltstativ. Eigen skiltplan er under utarbeidning. Vi ser føre oss fire hovudskilt, eit par små skilt og fleire stolpar med NFC-brikker. Vi ynskjer mellom anna å få utarbeidd ein 3D-illustrasjon av øydegardsområdet.

9 Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald

Kultursjefen i Fjell kommune vil stå som ansvarleg for oppfølginga av drifta og vedlikehaldet ved Høybøen, noko som sjølv sagt fortløpande vil skje i nært samråd med grunneigar Hogne Vindenes. Dette arbeidet vert utført i nært samarbeid med Hordaland Fylkeskommune. Elles vil vi dra inn ekstern arbeidskraft i forhold til lyngbrenning, fjerning av vegetasjon (landskapsarkitekt eller andre), 3D-illustrasjon (Arkikon) og utvikling av skilt og NFC-brikker. Vi vil legge ned eigen dugnadsinnsats, men er avhengige av hjelp frå dei nemnte frivillige laga. Vi vonar også å få rimeleg arbeidskraft til skjøtselsarbeidet.

10 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

Kostnadsoverslag:

Vidare rydding og skjøtsel - eigen dugnadsinnsats (200 t a' 200 kr)	20.000
Vidare rydding og skjøtsel - ekstern arbeidskraft	5.000
Konsulenthjelp, lyngbrenning	5.000
Tilrettelegging av turstiar - materiale	10.000
3D-illustrasjon (ARKIKON)	15.000
Skiltmateriell	20.000
Totalt:	75.000

Framdriftsplan:

Vi ser føre oss å bli ferdige med tiltaka våren 2017. Kan hende er det naudsynt å søke BARK-midlar til ein fase 3, då i forhold til formidling.

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midlar	20.000
eventuelt tilskot frå kommunen	35.000
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	
andel av eigne midlar	
andre midlar	
dugnadsarbeid	20.000
anna	
Sum (kr):	75.000

Stad: **Dato:** **Underskrift**

12	Straume	01.des.2015	Berit Vik
-----------	---------	-------------	-----------

13 Kommunen sin uttale

Prioritering:	1
Tilskot frå kommunen:	35.000
Fråsegn:	Fjell kommune, ved Kultursjefen, reknar Høybøen som det viktigaste fornminneområdet i Fjell kommune. Det er naudsynt med vidare skjøtsel i området. Potensialet som ligg i området for formidling, må utnyttast gjennom tilrettelegging av turstiar og ein kombinasjon av skilting og NFC-brikker (Near Field communication knytta opp mot smarttelefonar).

Søknaden sendast pr. e-post til: hfk@hfk.no**NB! Søknadsfrist 1. november**